

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/7599-31

Søknad om støtte til avvikling av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet løyver 15 000 kr til arbeidet med avvikling av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter.
2. Løyvinga vert finansiert over budsjettet «Fylkesutvalet til disposisjon».

Vedlegg:

Søknad om støtte frå styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter

Andre relevante dokument i saka:

FU-sak 6/18, møte 23.01.18

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter saman med Askvoll kommune, Værlandet vel, Stiftinga Alfhilds minne til Værlandet vel og Norsk Ornitologisk Foreining i 2011. Stiftinga sitt føremål er mellom anna å formidle kunnskap om – og skape forståing for – sjøfuglvernet lokalt og nasjonalt. Vidare skal stiftinga vere eit knutepunkt mellom menneske og kystnatur, og stimulere berekraftig reiselivsutvikling. Meir informasjon om stiftinga er tilgjengeleg i Stiftingsregisteret: <https://lottstift.no/nb/stiftelser/informasjon-om-stiftelsesregisteret/>

I forkant av eit allmøte mellom stiftarane og styret 02.02.18 vart fylkesutvalet orientert om at stiftinga har hatt store økonomiske utfordringar, sjå sak 6/18, møte 23.01.18.

Ved brev av 02.05.18 søkte styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter fylkeskommunen om støtte til avvikling av stiftinga, jf. vedlegg.

2. Vurderingar og konsekvensar

Siste åra har Norsk Sjøfuglsenter hatt forholdsvis store økonomiske utfordringar. Stiftinga har klart å unngå konkurs ved hjelp av stor dugnadsinnsats og tilskot frå m.a. fylkesmannen, sjå vedlagde søknad. I tillegg har dei har sloppe å betale husleige. Styret ønskjer å drive arbeidet vidare som ein vanleg ideell organisasjon med mindre kostnader til rekneskap og revisjon, og dermed større motivasjon for å oppretthalde dagens tilbod gjennom dugnadsinnsats. For ytterlegare informasjon om stiftinga sine økonomiske utfordringar, og fordelane ved å gå over til ei anna organisasjonsform, syner fylkesrådmannen til FU-sak 6/18 med vedlegg.

Avvikling av ei stifting vert rekna som ei «omdanning» etter stiftingslova (stiftl.), jf. § 45. Etter vedtektene § 11 har styret omdanningskompetansen, men stiftarane skal drøfte endringane først. Styret sitt ev. vedtak om oppheving er likevel ikkje gyldig før det er godkjent av Stiftingstilsynet, jf. stiftl. § 48 andre ledd. Gjennom vedtak i sak 6/18 stilte fylkesutvalet seg positivt til at styret i stiftinga vurderte endring av organisasjonsform for å betre den

økonomiske situasjonen til stiftinga. Etter allmøtet med fylkeskommunen og dei andre stiftarane gjorde styret vedtak om at dei skal søkje stiftelsestilsynet om avvikling av stiftinga.

I vedlagde søknad om støtte til avvikling viser styret til at ein søknad om avvikling er ein krevjande prosess, og at styret ikkje har nok ressursar til arbeidet. Styret ønskjer difor å leige tidlegare styreleiar Rannveig Indrekvam til å utføre arbeidet, og søker fylkeskommunen om støtte til å dekke eit honorar på 15 000 kr. for arbeidet med avviklinga. Stiftingar er underlagde strenge reglar gjennom stiftingslova, mellom anna vilkår for omdanning og krav til innhaldet i omdanningsvedtaket. Fylkesrådmannen har forståing for at stiftinga sine økonomiske utfordringar gjer det vanskeleg å gjennomføre ein slik omdanningsprosess utan bistand.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet løyver midlar til Norsk Sjøfulgsenter i samsvar med søknaden, og at løyvinga vert finansiert over budsjettpost «Fylkesutvalet til disposisjon».